

Arkivsak: 2026/620-1

Arkiv: 141

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

Dato: 10.06.2026

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/74	16.06.2026	Formannskapet

Revidering av kommuneplanens samfunnsdel 2026-2038, Lom kommune - høyring og offentlig ettersyn av planforslag

Vedlegg

- 1 Samfunnsplan til høyring - tekstdokument
- 2 Kunnskapsgrunnlag til høyring
- 3 Samfunnsplan til høyring - pp

Innstilling frå kommunedirektøren

Formannskapet vedtek å leggje forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2026-2038 til offentlig høyring og ettersyn. Høyringa skal vare minst seks veker. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Saksprotokoll i Formannskapet 16.06.2026:

Behandling

Saka vart drøfta.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Formannskapet vedtek å leggje forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2026-2038 til offentleg høyring og ettersyn. Høyringa skal vare minst seks veker. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Saksutgreiing

Gjeldande samfunnsplan vart vedteke i 2022. Plan- og bygningslova seier at kommunen kvart fjerde år skal vurdere om planen treng revidering. Da kommunestyret vedtok planstrategi i desember 2024, inneheldt denne eit planprogram der ein planla for revidering av samfunnsplanen i 2025. I tråd med kommunedirektøren sin orientering i kommunestyret 23. september 2025 blei ikkje planforslaget ferdigstilt i 2025, men er nå klart for fyrste handsaming.

I planprogrammet vart følgjande seks hovudtema fastsett for revideringa av samfunnsplanen:

- a. Innarbeide mål frå overordna planar jamfør planoversikta
- b. Digital transformasjon. Korleis kan kommunen levere tenester på nye måtar ved bruk av teknologi.
- c. Demografisk utvikling og folkehelse. Den demografiske utviklinga vil utfordre berekrafta i den kommunale tenesteproduksjonen. Korleis skal kommunen jobbe aktivt med folkehelse inkludert aukande utanforskap.
- d. Beredskap. Korleis skal kommunen arbeide godt med beredskap for å sikre tenesteleveranse til innbyggjarane i krisesituasjonar.
- e. Klima- og miljø. Korleis skal kommunen arbeide med klimatilpassing og redusere klimautslepp og naturtap.
- f. Arealstrategi. Gjennom ein arealstrategi kan kommunen fastsette kva overordna rammer som skal ligge til grunn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Arealstrategien blir dermed ei strategisk avklaring av kva areal kommunen ønskjer å nytte i framtida og korleis ein ønskjer å nytte dei.

I denne revideringa har kommunedirektøren teke utgangspunkt i gjeldande samfunnsplan og oppdatert denne. Dette omfattar oppdatering av kunnskaps-grunnlaget samt justering av mål i planen, utan at dei tre satsingsområda blir endra. Mål med uklar formulering har vorte forsøkt presisert. Mål er også slått saman der dette er vurdert som hensiktsmessig, og talet på hovudmål og delmål er redusert samanlikna med gjeldande plan.

Resultatet som her blir lagt fram er ein plan som tek inn i seg erfaringar med samfunnsplanen gjennom snart fire år, slik at den er enda betre tilpassa dagleg bruk og det langsiktige arbeidet kommunen gjer.

Revideringa har vorte gjennomført med avgrensa medverknad. Sidan utarbeiding av arealstrategien skjer for fyrste gong, har det vore politisk medverknad gjennom eit arbeidsverkstad i kommunestyret våren 2025. Kommunestyret har også arbeidd med tema demografi og folkehelse, og beredskap på dialogkonferansen våren 2026.

Bortsett frå dette har det vorte arbeidd breidt administrativt med vekt på den utvida leiargruppa. Revideringsarbeidet har ikkje involvert medverknad frå kommunesamfunnet for øvreg fordi ein stor

del av jobben har bestått av justeringar av gjeldande plan. Ved neste hovudrullering vil de bli lagt opp til ein breiare medverknad.

Vurdering

Det er arealstrategi som har vore det mest omfattande temaet i denne revideringa. Difor er det også dette som er vigd mest plass i saksframlegget av dei seks tema planprogrammet sa at revideringa skulle ta for seg.

Mål frå overordna planar

Da samfunnsplanen vart utarbeidd i 2022 vart det gjort ein jobb med å leggje overordna mål frå aktuelle planar inn i samfunnsplanen, for å redusere talet på planar og for å gjera plansystemet i kommunen meir oversiktleg, altså å gjera planane våre meir praktiske i bruk. Sidan førre rullering er det vedteke to tema- og sektorplanar i Lom kommune, jf. planoversikta i vedteke planstrategi. Det er *Førebyggjande plan for oppvekst i Lom kommune* og *Reisemålsstrategi* utarbeidd saman med Visit Jotunheimen. Mål og delmål i samfunnsplanen er oppdatert for å fange opp mål og strategiar i desse planane. Prinsippet om eit oversiktleg og praktisk plansystem ligg fast, og ny vurdering blir gjort ved neste hovudrevidering.

Digital transformasjon

Gjennom smart bruk av teknologi og nye arbeidsmåtar kan kommunen redusere ressursbruk, effektivisere tenester og leggje til rette for betre digital samhandling mellom kommunen og innbyggjarane. Slik kan digitale løysingar bidra til betre tilgjenge, auka inkludering og meir likeverdige tenester, samstundes som dei styrker evna kommunen har til å møte framtidige utfordringar. Kommunen si innstilling til digital transformasjon er nå synleggjort i planforslaget.

Demografisk utvikling, folkehelse

Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert, og mål i samfunnsplanen er justert som følge av dette. I det store og heile går utviklinga vi såg da samfunnsplanen vart utarbeidd i 2022 like eins i dag. Folkehelseoversikta for Lom peikar på fleire vedvarande utfordringar: ein aldrande befolkning, nedgang i yrkesaktive, auka i unge uføre, samt rus- og psykiske helseproblem blant ungdom. Samstundes har kommunen høgt utdanningsnivå, låg arbeidsløysing og gode levekår på fleire område, som reint miljø og stabil vassforsyning.

Dei demografiske endringane er den største utfordringa fordi ein aldrande befolkning fører til eit aukande press på helse- og omsorgstenestene. Også behovet for førebygging, tidleg innsats og nye arbeidsmåtar aukar, inkludert bruk av teknologi og organisering av ressursar som passar til utfordringane.

Beredskap

Utfordringsbiletet knytt til beredskap har endra seg mykje sidan førre rullering av samfunnsplanen. Den sikkerheitspolitiske situasjonen er svært krevjande og fører med seg at kommunen må ta inn over seg konsekvensane av ein kompleks verdssituasjon og tilpasse beredskapen til dette. Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert og mål spesifisert.

Lom kommune sin topografi og geografi tilseier at det daglege beredskapsarbeidet er særleg knytt til naturfare, klimaendringar og ei auka sårbarheit i kritisk infrastruktur. Situasjonen på dette området er i det store og heile like eins i dag som da samfunnsplanen vart vedteken i 2022, og kommunen fortset å jobbe dagleg og langsiktig med beredskap.

Klima og miljø

Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert på tematikk kring klima og arealbruk. I planen er mål knytt til klima spesifisert. Det er mellom anna innarbeidd eit konkret mål om at kommunen skal føre klimarekneskap frå 2027. I tillegg er omsynet til klima og miljø eit grunnleggjande premiss i arealstrategien. Der har ein sett mål for kommunen sin arealforvaltning, med tilhøyrande strategiar for korleis ein skal arbeide mot måla. I desse strategiane er mellom anna omsynet til reduksjon av klimagassutslepp og oppretthald av naturmangfald underliggjande premiss for korleis ein vil gå fram.

Arealstrategi

Ein kommunal arealstrategi er eit styringsdokument som skal sikre god kopling mellom ønska samfunnsutvikling og arealbruk. I arealstrategien skal ein angi kva hovudprinsipp som skal ligge til grunn for kommunens arealbruk, og viktige overordna omsyn vert vektta og prioritert. Arealstrategien blir slik eit verktøy for å nå overordna mål innanfor fleire samfunnsområde.

Jamfør nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging er det forventa at ein tek arbeidet med ein arealstrategi inn som ein del av kommuneplanens samfunnsdel.

I samband med utarbeiding av ny samfunnsplan i 2022, vart det utarbeidd ein arealstrategi, som er gjeldande i dag. Denne er avgrensa i omfang fordi kommuneplanens arealdel var under utarbeiding parallelt med samfunnsplan. Å styrke arealstrategien har difor vore prioritert i denne runda. Målet er å få ein operativ arealstrategi, der ein er tydeleg på kva omsyn som er særleg relevante for Lom, og gi desse eit ytterlegare løft inn i den kommunale arealforvaltninga.

I arbeidet med revideringa av arealstrategien vart det i 2025 gjennomført ein administrativ dokumentgjennomgang. Formålet var å få klarlagt:

- kva det synes å vere politisk semje om
- kva det synes å vere usemje om
- kva det er semje om, men som kjem til uttrykk annleis i praksis

Vidare ville ein få kartlagt om det er viktige tema ein i kommunens vedtekte styringsdokument ikkje svarar ut, i høve føringar og forventingar frå sentralt og regionalt hald. Dette blei gjort for å kunne avgrense arealstrategien til å bli konkret nok til å styre etter, og for å gje tydelege signal til seinare revidering av kommuneplanens arealdel. Ein gjekk gjennom kommuneplanens samfunnsdel, kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Fossbergom, samt dispensasjonar etter jordlova og plan- og bygningslova for perioden etter desse vart vedtekte.

Etter dokumentgjennomgang vart det gjennomført ein arbeidsverkstad for arealstrategi i kommunestyret. Informasjon om kva ein fann i dokumentgjennomgangen vart lagt fram og det vart gjennomført gruppearbeid der tema var busettingsstruktur og bustadutvikling, fornybar energi og jordvern. Spørsmåla ein arbeidde med i gruppene, tok utgangspunkt i det ein ved dokumentgjennomgang såg eit ekstra behov for å avklare, med kunnskap om dagens arealbruk og situasjon som bakteppe. Resultatet av desse gruppearbeida ser ein att i arealstrategien sine målformuleringar og skildring av korleis vi skal nå måla.

I tillegg til desse tema finn ein mål for næringsareal i arealstrategien. Dette er ein konsekvens av måla ein har sett knytt til næringsutvikling, og ei vidareføring av mål i eksisterande arealstrategi.

Å prioritere noko opp, vil nødvendigvis medføre at noko anna får mindre merksemd. Ikkje fordi det ikkje blir sett som viktig, eller ikkje blir arbeidd med i det daglege, men fordi ein i praksis og i styringsdokument finn det naudsynt å adressere nokre tema i større grad.

Dei delane i gjeldande arealstrategi som er tatt ut er iveratekne gjennom andre styringsdokument, eller har mindre relevans for kommunen sin arealbruk. Det siste gjeld til dømes formuleringar kring nedbygging av karbonrike areal som skog på høg bonitet, myr og dyrka mark. Nedbygging av myr

skjer i lita til inga grad i Lom, og dagens regelverk vil i liten grad gjere det mogleg å gjere det i framtida. Vi omdisponerer noko meir skog, i hovudsak skog på låg bonitet og impediment. I høve dyrka mark som karbonbinder vert det implisitt handsama under tema jordvern. Eit sterkt jordvern betyr mindre nedbygging av karbonrike areal.